



Bjørn Olav Tveit er ein reflektert talar

- Ei reflektert og god tale, var møteleiari Kristian Bringedals karakter då Bjørn Olav Tveit hadde halde tala si for dagen i Aktivitetshuset i ettermiddag. Tveit kom ikkje minst med ei hylling til frivilligheten. Han slo fast at det frivillige er blant dei fremste forvaltarane av våre verdiar og ein av dei viktigste komponentane i limet som held oss saman. Vi tek dette som sjølvstøtte men vi skal ikkje reise så langt før vi finn samfunn der det er foreldra si inntekt og sosiale status som avgjer kva lag ungane spelar på, sa Tveit som slo fast at organisasjonslivet og det frivillige er ein av dei fremste bidragsytarane til identiteten til eit lokalsamfunn. Han sette søkelyset på Uskedalen:

- Uskedalen er på alle måtar ei bygd som sydar av kreativitet og skapartrøng i frivillig sektor, og dette er ein viktig del av identiteten vår som bygd. Eg trur fleire her inne har opplevd at folk frå andre bygder eller andre kommunar seier at vi får til alt mogleg. For min egen del rettar eg då ryggen litt og kjenner meg stolt over bygda vår og vår evne til å lyfte i flokk og mobilisere.

Vi kan jo berre førestille oss korleis denne identitetsverdien ville vorte redusert dersom Aktivitetsdagen var eit kommunalt arrangement. Eller dersom Festidalen var eit kommersielt arrangement arrangert av profesjonelle som heva løn og maksimerte utbyttet.

Tveit ser nettopp kommersialisering som som eit av dei store trugsmåla mot engasjementet og drivkrafta i det frivillige. Det ser vi døme på både i idretten og den frivillige kultursektoren.

I Sveringe kjøper kommersielle aktørar seg inn i festivalmarknaden drivne etter Festidalenmodellen og etablerar monopol både på utstyr og artistar og såleis tvingar ideelle festivalar etter Festidalenmodellen til å legge ned. Dette er eit tap både for mangfaldet, identiteten og fellesskapen som ligg i dei lokale festivalane idag.

Talaren stilte mellom spørsmål om vi tek godt nok vare på dei kritiske røystene blant oss. Han tok fram ei sak som har vore diskutert i bygda i den seinare tiud - arealforvaltning i sentrum. Det er ei sak der ulike interesser kan stå mot kvarandre og der vi får testa ytringskulturen vår. Næringsliv, grunneigarar, utbyggjarar, landbruket og ålmenta kan ha motstridande interesser. Tveit hadde opplevd ytringskulturen her i bygda som god. Han hadde hatt gleden av å vere usamd med andre om fleire saker, men alltid opplevd ein kamp med blanke våpen.

- Dette er ein verdi vi må hegge om, var rådet til talaren.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen